

---

Saksnr:	2021/40549-1
Saksbehandlar	Edit Asperanden og Astrid Hjellbakk
Dato:	11.08.2021

---

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

---

## Oppfølging av spørsmål frå Egil Bru Overaa

Oppfølging av spørsmåla frå Egil Bru Overaa, *Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne*:

- Korleis ivaretar VLFK universelt utforma læringsarena i læringsløpet med fokus på lesing og skriving?
- Korleis sikrar VLFK målretta tiltak for ungdomsskuleelevar som har tapt læringsutbytte i overgangen til vidaregåande opplæring?

### Generelt

Vestland fylkeskommune samarbeider med RMNF om universell utforming av nybygg. Læringsarenaen skal, så langt råd er, vere utforma for alle. Det betyr at alle, uansett funksjonsnivå, skal kunne bruke areala, og spesialløyisingar for einskildelevar/grupper skal ein unngå. I tillegg til bygningsmessige utformingar kan dette vere lysforhold, digitale løysingar (tavler og liknande.), nok avstand til tavle, skilting, kontrastfargar på vegger, golv og tak, merking av hindringar som trapp og høgdeforskjell, plassering av dørhandtak, brytarar osv.

Fleire av dei «gamle» skulebygga er oppussa og endra i samsvar med bygningsfysikken sine moglegheiter for universell utforming.

Uteanlegg og utstyr skal og vere brukarvenleg for alle og set krav til funksjonell utforming.

### Særskilte behov

Kommunar som har elevar med særskilte behov for tilrettelegging, skal informere fylkeskommunen innan 01. oktober. Fylkeskommunen startar då arbeidet med å informere den aktuelle skulen og kva behov eleven har. Avgjevarskule, mottakaraskule og opplæringsavdelinga samarbeider om å legge til rette for eit skule- og læringsmiljø som er i tråd med eleven sine behov for utvikling og læring. I tillegg har skulen møte med andre aktuelle instansar slik at skulen og dei tilsette, er godt budde når eleven startar skuleåret.

Slike tilpassingar kan til dømes vere for elevar med nedsett syn, og som treng hjelpemiddel til lesing og skriving, eller elevar som ikkje har dei naudsynte grunnleggande ferdigheitene for å gjennomføre vidaregåande opplæring.

I slike høve nyttar den vidaregåande skulen rådgjevande instansar som Norges Blindforbund, Syns- og audiopedagogisk (SAPT) teneste og Statped, for å tilpasse undervisninga og finne føremålstenlege læremiddel.

- For elevar med nedsett synsevne kan dette vere kurs for tilsette, innkjøp av elektroniske lesehjelpemiddel, dataprogram, lydbøker, utforming av skilting og informasjon på lyd.

- Elevar med svake grunnleggande ferdigheiter vil trenge ei opplæring tilpassa eleven sine forkunnskapar og motivasjon. Statped gir rettleiing om læremiddel, tilnærmingar og ulike verkøy tilpassa dei utfordringane eleven har.

Dersom de treng meir informasjon på møtet 02.september, kan utdjupande spørsmål stillast til avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse.